

Sak 09-20: Samanslåing RIR, Årim og VØR

Tilråding til vedtak:

Saka er ei drøftingssak, der det ikkje er lagt opp til vedtak.

Saksutgreiing.

Representantskapet gjorde vedtak om samanslåingsspørsmålet den 8 oktober 2019, etter tilråding frå styret i møte den 18 september. I saka vart eigarane bedt om å undersøkje med dei rundt oss, om samanslåing var av interesse.

Så langt har kommunedirektør i Volda signalisert at han vil ta opp spørsmålet i rådmannsmøte på Søre Sunnmøre, Og han har bedt om at det vert kalla inn til møte med styreleiar og representantskapsleiar saman med ordførarane og kommunaldirektørane i våre to eigarkommunar. Vidare registrerar vi positiv interesse hos Årim og RIR om same tankane som hos oss.

Etter vedtaka i haust er eg meir og meir overtydd om at framtida vil krevje større einingar. Dette grunngir eg med kompetansekrav og kravet til større folketal bak dei grunnlagsinvesteringane som må kome i regionen i åra som kjem.

Frå sist årsskifte kom kravet til Industrivern for alle avfallsanlegg med minst 20 tilsette, og det er det siste av fleire lovkrav som krev meir spesialkompetanse og opplæring.

I konferanse vi deltok på i november, vart det opplyst frå Fylkesmannen at det blir samordna tilsynsaksjonar med avfallsbransjen til våren frå Fylkesmann, Miljødirektorat, Direktoratet for brannsikring og kanskje fleire. Kravet er risikovurderingar, beredskapsplanar, øvingar i korleis takle kriser. Fylkesmannen signaliserte vidare at Løyva våre må oppdaterast i høve nye krav.

Vi ser av det arbeidet vi held på med, at dette vil resultere i meir sprinkling hos VØR, og eller installerte skum eller vasskanoner som søkjer med varmesøkjande utstyr. Slikt utstyr krev kompetanse og dokumentasjon og truleg anna kompetanse enn det vi har i dag. Det vil og koste ein del i form av utbygging og oppgradering av eksisterande anlegg i Hovdebygda., men akkurat det er ikkje avskrekkande då eg vurderar dette til å vere overkomeleg. Økonomisk er VØR bra rigga til ei periode med investeringar.

All avfallshandsaming ein driv i dag må under tak, krev Fylkesmannen, både av brannvern grunnar og for å redusere forsøpling frå avfallsanlegga. Flygeavfall frå plast er t.d noko ein vil ha bort. Dette punktet møter elles vi med bygginga på Melsgjerdet og all omlasting av papir og plast under tak..

Miljøkrava til Stortinget krev at vi fokuserar på sirkulær økonomi. Styret er kjent med at dersom ein skal kunne etablere regionale nedstrømsløysingar, må der eit befolknings grunnlag bak disse på meir enn 150.000 innbyggjarar. Det gjeld sentralt ettersorteringsanlegg og det gjeld biogass anlegg som VØR har arbeida med å skape grunnlag for. Å etablere regionale anlegg er eit uttalt politisk mål for å halde verdiskapinga dette representera i området. Det vil redusere transport. Og det vil hjelpe oss å nå nasjonale miljømål.

Fokus på avgifter og gebyr er sterkare enn på lenge. Jfr. bompenger-debatten og ny ferjeprisar. Å levere låge gebyr har vore og er eit mål, men vert med dette bakteppet beskrive ovanfor, meir og meir krevjande om kvar einskilt selskap skal stå for alle investeringar og kompetanse sjølve.

RIR og ÅRIM

VØR var innkalla til eit samarbeidsmøte den 4 desember i Ålesund i Årim sine lokalar. Her møtte styreleiarane i dei tre respektive selskapa ilag med daglege leiarar. Referat frå møtet er lagt ved.

Etter den tid har styret i Årim hatt møte, og sett opp nokre punkt som dei vil ha tilbakemelding på i høve det vidare arbeidet. Dei ber om at det vert laga eit vedtaksgrunnlag til kommunane som eigarar, og at det er bygt opp i tre delar.

1. Alle selskapa bør vere med i Renovasjonsbenchmarking 2020, for å samanlikne, men og for å få grunnlagstal på økonomien i dei tre selskapa. (Dette må truleg supplerast av ein Due dilligense. for å synleggjere skjulte verdiar og forskjell i fri eigenkapital - min kommentar)
2. KS advokatane bør engasjerast for å gjere eit utgreiingsarbeid på juridiske og administrative tilhøve.
3. Det vert bestilt ein miljøfagrapport som fortel om kva som må til for å etablere ettersorteringsanlegg og biogassanlegg. Og litt om kva bransjen kan vente seg av miljøkrav i dei næraste åra som kjem.

Frå RIR er det kome innspel om at det vert sett ned prosjektgrupper i dei tre selskapa som skal levere grunnlag til kommunestyrevedtak i saka.

Sjølv har eg spelt tilbake, at vi må finne ei god løysing for næringselskapa våre. Og akkurat på dette punktet er forskjellane større mellom selskapa. Ser ein på modellen til Remidt IKS som ligg ved, og hadde tilsvarande ulike verdiar i næringselskapa, så kan dette løysast slik dei gjorde det.

Sist veke godkjende Ålesund formannskap selskapsavtalen for ÅRIM ved at dei ikkje kravde reint fleirtal i representantskapet. Dei har no fem av 11.

Avgjera om å ikkje bruke fleirtalsretten sin vart grunnlagt slik eg les den politiske meininga med vedtaket, med at selskapet skulle vere eit felles for regionen, og ikkje i røynda vere styrt av den største kommunen sitt formannskap. Grunngevinga til fleirtalet, var at dei ville ha med RIR og VØR.



Petter Bjørdal
Dagleg leiar

Referat frå samarbeidsmøte 4 desember 2019.

ÅRIM

Langelandvegen 1

6010 ÅLESUND



17. desember 2019

RIR v/Ketil Sorthe og Jan-Egil Korseberg

VØR v/John Helge Bjørndal og Petter Bjørndal

ÅRIM v/Reidar Andresen og Øystein Solevåg

Oppsummering etter samarbeidsmøte 4. desember 2019

Øystein Solevåg ønska velkommen til ÅRIM og gikk gjennom presentasjonen som ligg ved denne oppsummeringa. SSR var invitert, men hadde ikkje høve til å møte.

Generelt om samarbeid

Dei daglege leiarane og styreleiarane er positive til eit tettare samarbeid mellom selskapa.

Det er nokre openbare vinstar:

- Miljøtiltak: skal vi heve standarden må vi samarbeide
- Effektivitet: Harmonisering gir meir effektive løysingar
- Kompetanse: Større fagmiljø gir meir robuste løysingar

Eit tettare samarbeid innebærer dessutan ikkje utan vidare ei sentralisering; avfall er ein fysisk vare; renovasjonsrutene må gå der det bur folk og lokalisering av miljøstasjonar er avhengig av køyretida til innbyggjarane.

Likevel er det viktig at det i diskusjonen om vidare samarbeid raskt blir etablert ein «plattform» for lokalisering av anlegg og arbeidsplassar, samt for næring. Dersom dette ikkje er lagt fast, kan vi få ein motstand som stoppar heile prosessen.

Forankring av samarbeidet – møte for ordførarane

Det er viktig at eit tettare samarbeid mellom selskapa blir forankra i eigarkommunane.

- ÅLESUNDREGIONEN INTERKOMMUNALE MILJØSELSKAP IKS
- Langelandsvegen 1 - 6010 ÅLESUND - tlf 70 31 41 00
- www.arim.no - org nr 994 717 286

Det er difor ønskjeleg at ordføraren i Molde inviterer ordførarane i dei andre eigarkommunane til ei samling i løpet av februar (veke 9?). Her bør seie noko om dei felles utfordringane vi ser på avfallsfeltet, og ikkje minst at vi ser store moglegheiter med å få til meir samarbeid. Det kan også vere aktuelt å invitere viserektor ved NTNU til å seie noko om utfordringane innan berekraft og sirkulærøkonomi.

Tilhøvet til Bingsa

Medan VØR og RIR har ein relativt «tradisjonell» organisering der det interkommunale selskapet eig avfallsanlegg og næringssselskap, er organiseringa i ÅRIM litt meir spesiell. Her eig Ålesund kommune både ÅRIM (saman med nabokommunane) og Bingsa Gjenvinning AS (heileigd). Bingsa Gjenvinning AS er både eit eigedomsselskap for avfallsanlegget og eigar av eit næringssselskap, i tillegg har Bingsa Gjenvinning AS eit datterselskap som leverer hushaldsoppgåver. Dessutan har ÅRIM aktivitet inne på Bingsa avfallsanlegg.

Sjølv om etableringa av Bingsa Gjenvinning AS som eige selskap har bidratt til å rydde i dei økonomiske tilhøva og i samarbeidsklimaet mellom ÅRIM og Bingsa, er denne organiseringa ikkje berekraftig på sikt. Ho representerer også ei utfordring i arbeidet med å etablere eit tettare samarbeid mellom dei interkommunale selskapa, både når det gjeld anleggsstruktur og når det gjeld næringsverksemd.

Vidare arbeid for øvrig

- Dei daglege leiarane bør halde tettare kontakt framover.
- RIR blir invitert inn i styringsgruppa for biogassanlegg.
- Det blir arbeidd med ein felles Klimasats-søknad for forprosjektering av ettersorteringsanlegg, her bør dei daglege leiarane delta i styringsgruppa.
- Det bør vere eit nytt møte i samband med ei samling i Molde.

Med vennleg helsing

Øystein Solevåg

Dagleg leiar

Kopi: SSR v/Einar Heimdal



Framtidsretta avfallshandtering er å jobbe med FN sine berekraftsmål i praksis



- 9 Gjenvinne ressursane som blir kasta
- 11 Meir effektive innsamlingsløysingar i byane
- 12 Materialgjenvinne meir – kaste mindre
- 13 Fossilfri innsamling og transport av avfall
- 14 Effektivisere strandryddinga i regionen

Ti år med ÅRIM

I 1907 var det bare Kristiania, Bergen og Ålesund som hadde kommunale renholdsverk. Tønsberg kom etter i 1911, Kristiansund i 1914, Trondheim i 1918, og straks etter kom Haugesund, Sandefjord og et par andre byer. En aktiv pådriver for offent-

Frå boka «Fra nattmann til renholdsverk: Avfall og renovasjon i Oslo gjennom tusen år».

Kor langt har vi kome
– og korleis utvikle avfallfeltet vidare?

Ny sorterings-
ordning i tolv
kommunar



Vi ser resultat:

- Auke i mengde avfall til materialgjenvinning og gjenbruk.
- Nedgang i restavfall.
- Dei som har fått ny kjeldesortering er godt nøgde.

 Orim



Stadig fleire erstattar dette...



Når forutsettingane
endrar seg, må også
løysingane endre seg.

 arim





I 2019 tok ÅRIM i bruk sensorar til fjernovervaking

Mål:

- Forebygge utslepp av avløpsvatn til drikkevasskjelda i Brusdalen.
- Effektivisere transport i samband med innsamling av avfall og slam.



ÅRIM har i 2018 fått støtte frå Enova til å vurdere fossilfrie renovasjonsbilar. Bilparken vår må fornyast frå 2021.

BIR i Bergen har ein elektrisk renovasjonsbil i drift og ytterlegare tre i bestilling. ÅRIM var på besøk i april 2019.




I 2019 har det andre ettersorteringsanlegget for restavfall i Noreg kome i drift på Nord-Jæren.

Vår region er mindre, men vi har dei same utfordringane. Organisering og teknologival blir to viktige spørsmål.

Gjennomsnittspris for alle kommunar 2009 - 2019


■ Årleg renovasjonsgebyr, eks mva. ● Konsumprisindeks



Det er tett samarbeid i
Midt-Noreg.

Frå 2020 startar
samanslåingane av
interkommunale
avfallsselskap.

Regionalt samarbeid
blir viktigare enn før



Vedtak i representantskapet i Volda Ørsta Reinhaldsverk 8. oktober 2019

Rep.sak nr 09-19. Utvida samarbeid for VØR evnt. samanslåing med andre selskap.

Vedtak (6 røysteføre)

Representantskapet rår kommunestyra til å vurdere VØR sin framtid som eige selskap, og har på den bakgrunn gjort slikt vedtak:

1. Representantskapet ser at det går føre seg fleire strukturendringar i avfallsbransjen og at større selskap jamt over driv meir kostnadseffektivt som følge av fleire stordriftsfordelar enn mindre selskap.
2. Representantskapet vil likevel peike på at VØR til no har greidd seg bra i høve gebyr og tilbod og synes også å gjere det dei komande år. I eit litt lengre perspektiv vil dette verte utfordra. Representantskapet ser det slik at eigarane no bør gjere ei vurdering om korleis ein kan gi innbyggjarane dei beste tilboda i framtida.
3. Representantskapet rår kommunane til å sette ned eit utval med representantar frå begge kommunane og frå VØR, som får i oppgåve å greie ut dei ulike alternativ. Å gå mot nord ilag med Årim, mot vest til SSR, mot sør som er NOMIL eller å fortsette åleine. Frist for å levere innstilling desember 2020.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilråding frå styret.

Vedtak i representantskapet i RIR 18. oktober 2019

10/19: Evaluering av egenregidrift for innsamling

Behandling:

Vedtak:

1. Dagens drift av innsamling i egenregi videreføres for de 4 RIR-kommunene Molde, Aukra, Hustadvika, Gjemnes mens innsamling i Rauma settes ut på anbud så raskt som mulig. RIR Transport AS kan gi tilbud i Rauma om selskapet ønsker det.
2. Det gjennomføres sonderinger med ÅRIM om samling av transportvirksomhetene for de to selskapene.
3. Ny evaluering av egendrift for innsamling skal gjennomføres i 2024.
4. RIR bør ta initiativ til å vurdere et tettere samarbeid og mer utveksling av kompetanse med de andre kommunalt eide renovasjonsselskapene i regionen.

Vedtak i representantskapet i ÅRIM 21. oktober 2019

Sak 5: Organisering av renovasjonstenestene etter 2021

Samrøystes vedtak i tråd med innstillinga:

1. ÅRIM viderefører innsamlinga med egne tilsette inntil vidare.
2. ÅRIM skal halde fram med å delta i undersøkingar for å samanlikne kostnadseffektiviteten i selskapet med tilsvarande selskap med lik og anna organisering.
3. ÅRIM bør ta initiativ til å vurdere eit tettare samarbeid og meir utveksling av kompetanse med dei andre kommunalt eigde renovasjonsselskapa i regionen.

Eit tettare samarbeid?

- Vi har harmonisert innsamlingsordningane.
 - Ordningane på miljøstasjon er framleis ulike.
 - Slamtømming er ikkje harmonisert.
 - Forskriftar og gebyrsystem er ulikt.
 - Liten grad av felles anskaffelser.
 - Lite utveksling av kompetanse.
 - Lite samarbeid om køyretøy.
 - Alle nyttar same fagsystem, men ulik bruk.
-
- Synergjar på kommunikasjon krev ytterlegare harmonisering av tilbod.
 - Ettersortering og biogass krev at alle er med.

«Tettare samarbeid»

Kva er «tettare»?

- 1) Meir harmonisering av tilbod
- 2) Felles anlegg
- 3) Fusjon

Dialog på ulike nivå:

Eigarar
Styre
Daglege leiarar
Fagfolka

Korleis går vi vidare?

Eableringa av ReMidt IKS

ReMidt IKS trår i funksjon frå 1. januar 2020, og er ein fusjon av Hamos IKS, Nordmøre interkommunale renovasjonsselskap IKS (NIR) og Envina IKS. I tillegg innebærer fusjonen overdraging av verksemd frå eigarkommunane i NIR (særleg Kristiansund).

Selskapa har i eit felles grunnlagsdokument gjort greie for bakgrunnen for fusjonen:

1.1 Bakgrunn

Samfunnet er i endring. Både nasjonale og internasjonale myndigheter påvirker vår hverdag. Blant annet gjennom strengere krav til å gjenbruke avfall som ressurs og råstoff i ny produksjon. Avfallsmarkedet er globalt, som også påvirker oss lokalt. I tillegg er det også et sterkt miljøfokus i samfunnet som påvirker renovasjonsbransjen mer enn mange andre bransjer. Derfor ligger framtida i å bli et miljøsekskap som kan svare på forventningene i samfunnet.

Innbyggerne er i endring. I tråd med samfunnsutviklingen forventer innbyggerne bedre løsninger, bedre tilbud og sterkere miljøfokus. Dette påvirker vår hverdag i renovasjonsbransjen, og krever at vi hele tiden strekker oss mot å gi innbyggerne det de vil ha. Kunden i fokus er ikke lenger et begrep forbeholdt detaljvarehandelen, det griper også inn i vårt arbeid. God kommunikasjon og stort kundefokus er vesentlig for å være med på den utviklingen innbyggerne forventer.

Teknologien er i endring. Det skjer fort og det krever både kompetanse og store volum i produksjonen for å forsvare helt nødvendige investeringer, både for samtida og framtida. Teknologien trekker bransjen mot heldigitaliserte, selvbetjente løsninger for kundene, mer avansert utstyr knyttet til transport og logistikk, og ikke minst ny teknologi for sortering av avfall, for å unngå at den viktige ressursen som avfallet utgjør, kommer på avveie.

Ansatte er i endring. Det knyttes store forventninger til medarbeiderne, og medarbeiderne stiller krav om gode utviklingsmuligheter, oppdatert kompetanse og nye utfordringer. Som aktør i renovasjonsbransjen må vi sørge for at medarbeiderne til enhver tid har den gode og fagspesifikke kompetansen som samfunnet, innbyggerne og miljøet krever. Gode arbeidsmiljø krever medarbeidere med fokus på kunnskapsdeling og rom for egen kompetanseutvikling med trygge arbeidsplasser.

Kommuner og interkommunale selskaper er i endring. Små kommuner eller renovasjonsselskaper vil ikke alene kunne bære de investeringene som trengs for å ta hensyn til de endringene vi står foran. Derfor søker NIR, HAMOS og Envina å danne et nytt selskap, for å ta hensyn til disse og for å være proaktive i utviklingen. Dette vil gi et selskap med mer enn dobbelt så mange innbyggere, som vil bli det nest største i Midt-Norge. Det vil bli et sterkt miljøsekskap sør i Trøndelag og på Nordmøre.

Selskapa har også identifisert potensialet for synergieffektar og stordriftsfordelar:

Område:	Stordriftsfordel:
Organisasjon	Færre dublerede funksjoner i selskapene og kommunene
Drift	Effektivisering av drift og forbedrede renovasjonsløsninger Trenger ikke ta hensyn til kommunegrenser Bedre logistikk - høyere fyllingsgrad under transport, bedre utnyttelse av ruter Mulighet for hospitering på tvers av lokasjoner, noe som bidrar til kunnskapsoverføring mellom gjenvinningsstasjoner
Utvikling	Slipper utvikling av dublerede og mangedublerede systemer og teknologier
Innkjøp	Større innkjøp som gir bedre avtaler
IKT	Lavere lisenskostnader der hvor det er per program (mindre der det er per lisens)
Kommunikasjon	Lik informasjon kan sendes ut til flere, men blir bare laget en gang
Materialgjenvinning	Økt materialgjenvinning til en lavere pris da store investeringer kan gjøres i fellesskap Større ressurser gjør det mulig å være i forkant av utviklingen og tilby nye gjenvinningsløsninger tidligere

Prosessen fram mot etablering av nytt selskap:

NIR og Hamos signerte ein intensjonsavtale i august 2018. Envina tiltrådte intensjonsavtalen i april 2019.

Etter signeringa blei det konstituert ei styringsgruppe:

- Representantskapsledere for de to selskapene
- Styreledere
- Nestleder i styrene
- Daglig ledere
- Kommunalsjef i Kristiansund kommune
- Tillitsvalgt Fagforbundet fra HAMOS
- Plasstillitsvalgt Fagforbundet fra NIR-kommunene
- Tillitsvalgt NITO fra NIR

Frå årsskiftet 2019 blei styringsgruppa supplert:

- Hovedverneombud i Kristiansund kommune
- Hovedtillitsvalgt Fagforbundet fra Kristiansund kommune
- Hovedverneombud i HAMOS
- Plassverneombud i HAMOS

Med Envina si signering, blei det supplert inn nye i styringsgruppa:

- Daglig leder i Envina
- Styreleder i Envina
- Representantskapsleder i Envina
- Tillitsvalgt i Fagforbundet i Envina

Første styringsgruppemøte var 27.08.18. Her blei det gitt fullmakt til dei daglege leiarane i selskapa til å greie ut og arbeide med korleis det nye selskapet skal sjå ut, fordelt på seks hovudområde i organisasjonen og seks arbeidsgrupper:

- Organisering og leiing
- Avfallsløysingar og driftsform
- Kvalitets- og utviklingsarbeid
- Kommunikasjon og kundeservice
- Anskaffelser og kontraktsoppfølging
- Eigarskap og eigarstyring

Mandatet til arbeidsgruppene var å bruke sin kjennskap til organisasjonane for å foreslå korleis den nye organisasjonen burde sjå ut. Kvar av arbeidsgruppene skulle som ein del av arbeidet identifisere overordna mål for aktiviteten og synleggjere vinsten av sine forslag for miljøet, for kundane, for eigarane, for tilsette og for regionen. Arbeidsgruppene skulle også identifisere risikoområde. Arbeidet i og forslaga frå arbeidsgruppene har fungert som eit diskusjonsunderlag for styringsgruppa, som har utarbeidd eit samla grunnlag for etablering av selskapet.

Oppsummert var tilrådingane slik:

Arbeidsområde	Selskapet skal
Organisering og ledelse	<ul style="list-style-type: none"> ... organiseres etter lov om interkommunale selskaper ... ha en desentralisert struktur ... fortsette å utføre de tjenestene som i dag utføres i egenregi. Ingen ansatte skal miste jobben som følge av omorganiseringen
Avfallsløsninger og driftsform	<ul style="list-style-type: none"> ... ha totalansvaret for eierkommunenes plikter innen renovasjon og tømning av slamsavskillere ... ha likt tjenestetilbud til alle innbyggerne i området ... oppfylle stordriftsfordeler innen planlegging og drift ... være en god arbeidsgiver som er opptatt av de ansattes forhold og utviklingsmuligheter ... teste og ta i bruk ny teknologi i drift
Kvalitet- og utviklingsarbeid	<ul style="list-style-type: none"> ... være ledende på kvalitet- og utviklingsarbeid i bransjen ... ha skybasert IKT som muliggjør for desentralisert organisering ... ISO-sertifiseres
Kommunikasjon og kundeservice	<ul style="list-style-type: none"> ... ha god kundeservice ... være tilgjengelig og troverdig i sin kommunikasjon mot kundene ... ha tilbud om undervisning i klasserom og bedriftsbesøk ... være spesielt gode på kundeservice ... bygge en sterk merkevare og et godt omdømme ... være en tilrettelegger for holdningskapende arbeid
Anskaffelser og kontraktsoppfølging	<ul style="list-style-type: none"> ... bli en mer profesjonell innkjøper ... kjøpe tjenester der det ikke er formålstjenlig å utføre dem i egenregi ... legge til rette for små og mellomstore bedrifter ... bidra til innovasjon og utvikling gjennom anskaffelser ... ha fokus på sosiale forhold, miljø- og kvalitetsmål i sine anskaffelser ... bli bedre på oppfølging av inngåtte kontrakter
Eierskap og eierstyring	<ul style="list-style-type: none"> ... legge til rette for at eierne skal komme med føringer og forventninger til selskapet ... ha en klar eierstrategi overfor datterselskaper

Styringsgruppa samanfatta dei viktigaste risikoområda slik:


RISIKOOMRÅDER	KONSEKVENNS	TILTAK
For store kulturforskjeller	Forskjellige bedriftskulturer, som kan trenere dannelsen av det nye selskapet	Ha kulturbyggende og identitetsskapende aktiviteter
For store geografiske avstander	Ikke utnyttelse av felles overkapasitet Lite felles kultur Terskler for å ta kontakt, mye avstand	Tilrettelegge med gode kommunikasjonsverktøy Ha fokus på kultur- og relasjonsbygging innad i organisasjonen Sørge for gode styringssystemer
Kontraktene kan bli så store at noen lokale leverandører blir ekskludert	Får ikke den konkurransen man ønsker Foringelse av lokalt næringsliv	Risikovurdere dette aspektet i alle anskaffelser I anskaffelser der det finnes lokalt fungerende markeder skal anbudene utarbeides slik at også små og mellomstore bedrifter kan levere tilbud, dvs. at de skal være mulig å dele opp. Nærhet skal vektlegges i utarbeidelse av anbudsdokumenter.
For store nedstrømskontrakter som kan ødelegge markedet	Unødvendig høy kostnad Plassutfordringer	Sørge for gode systemer for å kontrollere avfall fra 20 gjenvinningsstasjoner samtidig
Kompetansekrieg mellom kommuner og IKS	Dårlig forhold mellom ansatte og ledelse i kommune og IKS	Ha informasjonsdeling mellom IKS og kommune. Unngå unødvendige forskjeller mellom IKS og kommune
Mindre direkte folkevalgt styring	Større avstand mellom kommunenes politikere og selskapet	Innfører regelmessige Eiermøter Selskapet bidrar til kommunenes eierskapsmelding
Med større kontrakter blir man mer sårbar hvis det først går galt	Må plutselig overta eller finne andre løsninger på tjenester som må leveres, f. eks som RenoNorden-kontrakter	Ha gode risikovurderinger Ha god dialog med andre IKS-avfallsselskaper om erfaringer og kunnskap vedrørende entreprenører. Innhente bakgrunnsinformasjon om selskaper ved inngåelse av større kontrakter
Mister kontakt mellom drift og innkjøp	Innkjøp som ikke dekker behovet Innkjøp som ikke fungerer i drift Dårlig stemning i organisasjonen Unødvendig bruk av investeringsmidler	Involvere brukerne av innkjøpene tidlig i prosessen for å sammen utarbeide en kravspesifikasjon. Involvere drift i utvelgesprosessen Evaluere alle innkjøp for kontinuerlig å forbedre prosessen og rutinene.
Manglende felles rutiner på tvers av lokasjoner	Lite som minner om et felles selskap	Arbeide med forankring av kvalitetsledelsesverktøy i hele organisasjonen
Klarer ikke å ta ut stordriftsfordeler/det tar lengre tid	De økonomiske stordriftsfordelene uteblir eller trekker ut i tid	God planlegging og synliggjøring av prioriterte stordriftsfordeler
Mister lokalkunnskap og/eller lokal forankring.	Lite kunnskap om lokale forhold, som kan gå utover kundetilfredsheten	Ha ansatte med kjennskap til lokale forhold rundt om i området.

Verdivurderingar og eigarstruktur

Verdien av eksisterande utstyr på sjølvkostområdet blei vurdert til 405 kr per innbyggjar i Hamos, noko lågare for dei to andre selskapa. På denne bakgrunn blei det fastsett eit tilleggssinnskot i samband med oppstart av ReMidt IKS:

Kommunene	Innbyggere		Eierandel dagens selskap	ReMidt IKS					
	01.01.2019	Selskap		Eierandel	Eksisterende verdier kr		Tilleggs-Innskudd	Ny verdi	
					kr	kr/innb.	Kr	kr	kr/innb.
Kristiansund	24 274	NIR	44,5 %	18,9 %	8 492 251	350	1 346 257	9 838 508	405
Averøy	5 849	NIR	10,7 %	4,5 %	2 345 239	401	25 422	2 370 661	405
Tingvoll	3 045	NIR	5,6 %	2,4 %	1 081 040	355	153 130	1 234 171	405
Sunndal	7 106	NIR	13,0 %	5,5 %	2 772 289	390	107 847	2 880 137	405
Halsa	1 574	NIR	2,9 %	1,2 %	165 270	105	472 689	637 959	405
Smøla	2 134	NIR	3,9 %	1,7 %	706 384	331	158 549	864 933	405
Aure	3 553	NIR	6,5 %	2,8 %	1 011 145	285	428 924	1 440 068	405
Oppdal	6 975	NIR	12,8 %	5,4 %	2 475 711	355	351 330	2 827 041	405
Totalt NIR	54 510		100,0 %	42,4 %	19 049 329		3 044 147	22 093 477	
Surnadal	5 928	HAMOS	11,5 %	4,6 %	2 402 681	405	-	2 402 681	405
Hemne	4 228	HAMOS	8,2 %	3,3 %	1 713 653	405	-	1 713 653	405
Snillfjord	999	HAMOS	1,9 %	0,8 %	404 905	405	-	404 905	405
Hitra	4 694	HAMOS	9,1 %	3,6 %	1 902 528	405	-	1 902 528	405
Frøya	5 068	HAMOS	9,9 %	3,9 %	2 054 114	405	-	2 054 114	405
Agdenes	1 693	HAMOS	3,3 %	1,3 %	686 191	405	-	686 191	405
Rennebu	2 501	HAMOS	4,9 %	1,9 %	1 013 682	405	-	1 013 682	405
Meldal	3 905	HAMOS	7,6 %	3,0 %	1 582 738	405	-	1 582 738	405
Orkdal	12 086	HAMOS	23,5 %	9,4 %	4 898 583	405	-	4 898 583	405
Skaun	8 231	HAMOS	16,0 %	6,4 %	3 336 111	405	-	3 336 111	405
Rindal	2 028	HAMOS	3,9 %	1,6 %	821 970	405	-	821 970	405
Totalt HAMOS	51 361		100 %	39,9 %	20 817 154		-	20 817 154	
Midtre Gauldal	6 246	Envina	27,4 %	4,9 %	772 806	124	1 758 763	2 531 570	405
Melhus	16 562	Envina	72,6 %	12,9 %	2 049 186	124	4 663 567	6 712 753	405
Totalt Envina	22 808		100 %	17,7 %	2 821 992		6 422 331	9 244 322	
Totalt ALLE	128 679		5	100,0 %	42 688 475		9 466 478	52 154 953	

Parallelt med etableringa av ReMidt IKS, er det også etablert eit næringselskap, ReMidt Næring AS, der eigardelane i ulike selskap er samla:



For ReMidt Næring AS blei det fastsatt ein annan eigardel, basert på ei verdivurdering av eksisterande næringsaktivitet. Det var Hamos sin næringsaktivitet som blei vurdert til å vere mest verdifull, noko som førte til at Hamos-kommunane har ein høgare eigardel i ReMidt Næring AS enn innbyggjartalet tilseier:

Kommunene	Innbyggere 01.01.2019	ReMidt Eierandel	ReMidt næring									
			Andel via ReMidt IKS			Direkte eid			Ny eierandel			
			kr	kr/innb.	%	kr	kr/innb.	%	kr	kr/innb.	%	
Kristiansund	24 274	18,9 %	6 157 466	254	3,77 %	1 048 409	43	0,64 %	7 205 875	297	4,42 %	
Averøy	5 849	4,5 %	1 483 687	254	0,91 %	152 728	26	0,09 %	1 636 415	280	1,00 %	
Tingvoll	3 045	2,4 %	772 410	254	0,47 %	39 025	13	0,02 %	811 435	266	0,50 %	
Sunnadal	7 106	5,5 %	1 802 544	254	1,10 %	606 236	85	0,37 %	2 408 780	339	1,48 %	
Halsa	1 574	1,2 %	399 269	254	0,24 %	170 827	109	0,10 %	570 096	362	0,35 %	
Smøla	2 134	1,7 %	541 321	254	0,33 %	183 024	86	0,11 %	724 346	339	0,44 %	
Aure	3 553	2,8 %	901 272	254	0,55 %	273 118	77	0,17 %	1 174 390	331	0,72 %	
Oppdal	6 975	5,4 %	1 769 314	254	1,08 %	200 997	29	0,12 %	1 970 311	282	1,21 %	
Totalt NIR	54 510	42,4 %	13 827 284,18		8,47 %	2 674 363,82		1,64 %	16 501 648,00		10,11 %	
Surnadal	5 928	4,6 %	1 503 727	254	0,92 %	13 963 018	2 355	8,56 %	15 466 744	2609	9,48 %	
Hemne	4 228	3,3 %	1 072 496	254	0,66 %	9 958 778	2 355	6,10 %	11 031 274	2609	6,76 %	
Snillfjord	999	0,8 %	253 411	254	0,16 %	2 353 079	2 355	1,44 %	2 606 491	2609	1,60 %	
Hitra	4 694	3,6 %	1 190 704	254	0,73 %	11 056 411	2 355	6,77 %	12 247 115	2609	7,50 %	
Frøya	5 068	3,9 %	1 285 575	254	0,79 %	11 937 344	2 355	7,31 %	13 222 918	2609	8,10 %	
Agdenes	1 693	1,3 %	429 455	254	0,26 %	3 987 751	2 355	2,44 %	4 417 206	2609	2,71 %	
Rennebu	2 501	1,9 %	634 416	254	0,39 %	5 890 942	2 355	3,61 %	6 525 359	2609	4,00 %	
Meldal	3 905	3,0 %	990 562	254	0,61 %	9 197 973	2 355	5,64 %	10 188 535	2609	6,24 %	
Orkdal	12 086	9,4 %	3 065 796	254	1,88 %	28 467 785	2 355	17,44 %	31 533 581	2609	19,32 %	
Skaun	8 231	6,4 %	2 087 917	254	1,28 %	19 387 584	2 355	11,88 %	21 475 501	2609	13,16 %	
Rindal	2 028	1,6 %	514 433	254	0,32 %	4 776 822	2 355	2,93 %	5 291 255	2609	3,24 %	
Totalt HAMOS	51 361	39,9 %	13 028 493		7,98 %	120 977 487		74,13 %	134 005 980		82,11 %	
Midtre Gauldal	6 246	4,9 %	1 584 392	254	0,97 %	1 893 307	303	1,16 %	3 477 699	557	2,13 %	
Melhus	16 562	12,9 %	4 201 201	254	2,57 %	5 020 324	303	3,08 %	9 221 525	557	5,65 %	
Totalt Envina	22 808	17,7 %	5 785 593		3,54 %	6 913 631		606	4,24 %	12 699 224		7,78 %
Totalt ALLE	128 679	100,0 %	32 641 370,40		20 %	130 565 482		80,00 %	163 206 852		100,00 %	

Andre dokument

Det er også utarbeidd felles renovasjonsforskrift, felles slamforskrift, selskapsavtale, retningslinjer for valkomiteen, vedtekter for ReMidt Næring AS, ein aksjeeigaravtale for ReMidt Næring AS samt ein samarbeidsavtale mellom eigarkommunane og ReMidt IKS.